

Gratulerer Liv, som skyttarprinsesse.

Herandsbuen gratulerer med din fjerde skyttarprinsesetittel.

Solesnesjenta vann etter omskyting med fire andre. Ho vann og i 1990 i Elverum, i 1994 i Sandnes, i 2002 i Os og i år altså i Bodø. Det er med andre ord 21 år sidan ho vann fyrste gong.

På spørsmål om det var nokon tittel som var gildare/gjevare enn andre, så seier Liv ” det er så lang tid mellom titlane at det er like kjekt kvar gong, og så er det jo det me trenar for”.

For trenar det gjer Liv. Fire gonger i veka med skyting og tørrtrening samt konkurranseskyting i helgane. Med andre ord ein toppidrettsutøvar.

Rundt Liv saman med andre vaksne så er det eit godt skytemiljø på Solesnes. På Landsskyttarstemnet var dei 13 deltakarar frå Jondal Skyttarlag, og no på Samlagsstemnet var dei 25 stykk frå 10 til 75 år derifrå.

Å besøkja Liv er som å koma inn i ei premiesamling som må vera på høgde med det som våre største idrettsutøvarar har. Jondal Kommune burde få lov å låna dei største premiane og stilla dei ut i Kommunehuset slik at me alle kan beundra samlinga. Berre premiane frå siste Landskyttarstemne var heilt fantastiske. Me må ta innover oss at me har ein toppidrettsutøvar i kommunen, og då må me visa at dette er me stolte av.

Eg fikk sjå Sauer rifla hennar. Ho har 3 slike.

Liv er berre 43 år, og slik som ho trenar så aukar nok premiesamlinga i åra som kjem.

Flere frå Herand er aktive i skyttarmiljøet og dreg nytte av Liv sin kompetanse og profesjonalitet.

Me gratulerer!

Bilde/tekst Dan Danielsen

